

Referat frå elevråd 23.09.25

Saker:

9) Evaluering Mapahoney

Kva var bra og kva kunne vore betre? *Bra*: - Lurt med berre Vipps. Rett med hjelm. Elevrådet sponsa is (ca 250 kr). Me selde 750 lodd, delte ut 57 gevinstar og fekk 3500 kr til elevrådet. FAU fekk inn ca 7500 kr. Heilt grei ventetid (kø) på loddosal.

Kunne vore betre: Vippsen fungerte ikkje (fiksa no). Færre og færre kjem (men, det er òg færre elevar på skulen. Bilane; burde vore fiksa litt; bremsene fungerte ikkje optimalt på fleire, eine bilen hylte mykje, dei kunne trilla betre. Burde det vore bremser framme? (Sikkerheit)

10) Hei Verda!

Skal me ha skuleløp eller ikkje? Lærarane ynskjer løp, da det gjev mykje ekstra pengar til innsamlinga. Løpet kan vera torsdag 6.11, open dag vert fredag 07.11. Hei Verda er etter haustferien. Kan ein laga noko anna enn pizzasnurrer (dei har vore litt harde) Lapskaus? Pølsa? Ingveig tek det opp med lærarane. Elevrådet støttar løp. Kjekt med heiagjeng viss ein får det til. Elevrådet føreslår at ein kan kle seg ut viss ein vil, tema bading.

11) Trygt og godt skulemiljø

Plakat, kven vil laga plakaten? Skal ein laga det i Kunst og handverktime? Eller skal nokon få, få ansvaret? Kva gjer me i samlinga neste gong? Skodespel? Film?

Alle kan kjenna på at dei er redde for å bli utestengde eller mobba

Kva gjer elevane på Hognestad skule når me ser eller høyrer utestenging eller mobbing?

- Seier STOPP
- Gjev beskjed til ein vaksen
- Gjev beskjed til ein ven
- Svarar tilbake slik at det misser effekt
- Ignorerer det som blir sagt og fortsett med å vera den du er

Utarbeida av alle elevane på Hognestad skule skuleåret 2024-2025

12) Trivsel, Olweusarbeid og friminutt

Kva er status no? Det er ein del konfliktrar og kommentarar på Brent ball banen, viktig at det er vaksne i nærleiken. Men elevrådet opplever at det god trivsel blant elevane. Ballbingen vart òg eit tema.

13) Innkjøp

Kva trengst i skulegarden og AL

14) Anna?

Referent

Kristin Sando

Elevrådskontakt